

**FØRESEGNER FOR STØLSHAUGANE, GNR 141, BNR 1,3 m. fl.  
LINDÅS KOMMUNE**

**(Plan-id 1263-2013 02)**

***Det regulerte området er synt med grenseliner på plankart datert 10.12.2015, sist rev. 16.05.2017***

**1 Areala i planområdet skal nyttast til følgjande føremål:**

*Byggjeområde og anlegg:*  
*PBL §12-5 pkt 1*

Frittliggjande småhusutbygging.  
Konsentrert småhusutbygging  
Leikeplass  
Øvrige kommunaltekniske anlegg

*Samferdsel og teknisk infrastruktur:*  
*PBL §12-5 pkt 2*

Køyreveg  
Gang- og sykkelveg  
Anna veggrunn – tekniske anlegg  
Anna veggrunn – grøntareal

*Landbruks-, Natur- og Friluftsføremål:*  
*PBL §12-5 pkt 5*

Landbruksføremål  
Friluftsområde

*Omsynssone*  
*PBL §12-6, JF PBL § 11-8, a) og d)*

Frisiktsone  
Støysone  
Faresone, høgspent

## **2 FELLES FØRESEGNER**

### **2.1 Rekkjefølgekrav**

- 2.1.1 Veg o\_KV02 med fortau o\_GV3 og o\_GV4 skal vera ferdig opparbeid før det kan gjevast bruksløyve til nye bustader i planområdet.
- 2.1.2 Veg f\_KV03, f\_KV04 og f\_GV5 skal vera dimensjonert og ferdig opparbeidd i samsvar med detaljplan før det kan gjevast bruksløyve til nye bustader i planområdet.
- 2.1.3 Felles leikeplass f\_LEIK01 skal ferdigstillast samstundes med felt BKS1 og 2.
- 2.1.4 Felles leikeplass f\_LEIK02 skal ferdigstillast samstundes med felt BE1 – BE14.
- 2.1.5 Det skal utarbeidast VA-rammeplan som gjer greie for vass- /avlaupshøve og overvass-handsaming innanfor planområdet. Denne skal godkjennast av Lindås kommune før det vert gjeve byggeløyve til bustader.
- 2.1.6 Eksisterande høgspentline over planområdet skal leggjast i kabel/i jord før det vert gjeve igangsettingsløyve for bustader innan planområdet.
- 2.1.7 Gangtilkomst mellom LEIK2 og f\_KV04 skal sikrast med trapp og ei god utforming. Gangvegen skal vere ferdig opparbeidd før igangsettingsløyve for BE14.
- 2.1.8 Før arbeid på og nær fylkesveg 404 kan gjennomførast skal det underskrivast ein gjennomføringsavtale med Statens vegvesen med grunnlag i byggeplan for tiltaket.
- 2.1.9 Før arbeid på og nær fylkesveg 404 kan gjennomførast skal det også utarbeidast skilt- og sikringsplan som skal godkjennast av Statens vegvesen.

### **2.2 Terrenghandsaming**

- 2.2.1 Alle terrenghinngrep skal skje mest mogeleg skånsamt. Dei områda som ikkje vert bygd ut skal sikrast ei tiltalande form og handsaming. Fyllingar skal avrundast og tilpassast tilgrensande terren og såast/plantast til.
- 2.2.2 Bruk av støttemurar, skjeringar og fyllingar skal avgrensast. Det skal ikkje setjast opp høgare murar enn 2 meter utan at dei terrasserast. Terrasse/avsats skal ha minimum djupne 1,5 meter. Kvar avsats skal beplantast for å dempe fjernverknaden av muren.

### **2.3 Universell utforming**

- 2.3.1 Det skal leggjast til rette slik at flest mogleg bustader får trinnfri tilkomst for rørslehemma. Trafikkområdet og leikeplassar skal være utforma slik at alle skal kunne nytta dei på ein likestilt måte utan spesiell tilpasning.

## 2.4 Energi

- 2.4.1 Ved utforming av nye bygg innafor planen skal det tilretteleggjast for alternativ energi. Alternativ energi er blant anna: biobrensel, varmepumper, jordvarme, bruk av solenergi.

# 3 BYGNINGAR OG ANLEGG

## 3.1 Frittliggende eine,- og tomannsbustader

- 3.1.1 Innan området kan det førast opp 10 frittliggjande einebustader og 4 tomannsbustader i tillegg til eksisterande bustad.
- 3.1.2 Det skal vere minimum  $200 \text{ m}^2$  MUA pr. bustadeining. For eventuell sekundær bueining skal det vere  $200 \text{ m}^2$  MUA i tillegg.
- 3.1.3 Maksimal utnyttingsgrad og byggjehøgd (kote) er vist på plankart.
- 3.1.4 Maks byggjehøgd for BE1 – BE11 er 9 m frå gjennomsnittleg planert terreng.
- 3.1.5 Følgjande einebustadtomter kan ha ein (1) sekundær bueining under  $65 \text{ m}^2$  BRA for utleige.
- BE8
  - BE10
  - BE11
- 3.1.6 Følgjande tomter skal ha underetasje og maks mønehøgd 8 m frå gjennomsnittleg planert terreng;
- BE12
  - BE13
  - BE14
- 3.1.7 Det skal vere 2 parkeringsplassar pr. bueining i område BE1- BE14.
- 3.1.8 Det kan førast opp tomannsbustader på BE1, BE5, BE6 og BE9. Tomannsbustader kan oppførast i to etasjar med loft. **Ovannemnde bustadtomter som vert bygd ut med einebustad i staden for tomannsbustad kan ha ein (1) sekundær bueining under  $65 \text{ m}^2$  BRA for utleige.**

## 3.2 Konsentrert småhusutbygging

- 3.2.1 Det kan førast opp 2 firemannsmannsbustader på BKS1 og BKS2. Firemannsbustader skal oppførast i to etasjar og kan ha loft. Maksimal utnyttingsgrad og byggjehøgd er vist på plankart. Maks byggjehøgd er 10 m frå gjennomsnittleg planert terreng.
- 3.2.2 Det skal vere minimum  $50 \text{ m}^2$  MUA pr. bustadeining.
- 3.2.3 Det skal vere 1,5 parkeringsplassar pr. bueining i område BKS1 og BKS2.

### **3.3 For alle byggjeområda**

- 3.3.1 Inngjerding og tilplanting skal ikke vera sjenerande for naboor eller ålmenn ferdsel. Ubygd areal skal gjevast ei tiltalande utforming.
- 3.3.2 Bilar skal kunne snu inne på kvar tomt.
- 3.3.3 Tiltakshavar har aktsomheits - og meldeplikt, jf. lov om kulturminne av 1976, §8, 2.ledd, som seier at arbeidet skal stoppast og kulturvernmyndighetene varslast om tiltakshavar under arbeidet oppdagar gjenstandar eller andre spor etter tidlegare menneskeleg aktivitet.

### **3.4 Leikeplass**

- 3.4.1 LEIK01 og LEIK02 skal nyttast til leik og fritidsaktivitet. Området skal driftast og vere felles for tilhøyrande bustader innan planområdet.
- 3.4.2 LEIK01 skal opparbeidast med leikeapparat som sklie, huske og sandkasse.
- 3.4.3 I LEIK02, som er avsett til naturleikeplass, skal det opparbeidast eit universelt utforma areal på minimum 200 m<sup>2</sup> med sklie, huske og sandkasse.
- 3.4.4 Det kan opparbeidast sitteplassar, benkar og andre leikeapparat innan områda.
- 3.4.5 Ved innsending av byggjesøknad skal det innsendast detaljert utomhusplan i målestokk 1:200 for leikeareala.
- 3.4.6 Utomhusplanen skal utformast etter prinsipp for tilgjenge for alle.

### **3.5 Øvrig kommunalteknisk anlegg**

- 3.5.1 Oppstillingsplasser for boss og postkasser er felles for felta og skal vera ferdig opparbeidd samtidig med køyreveg f\_KV03.

## **4 SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR.**

### **4.1 Veg**

- 4.1.1 Veg o\_KV01, o\_KV02 og o\_KV05 er offentleg køyreveg.
- 4.1.2 Veg f\_KV03 og 4 er felles for busetnad innan planområdet.
  - 4.1.1 V1 er privat tilkomstveg til BE15.
  - 4.1.2 Vegbredder er vist på plankart.

## 4.2 Fortau

- 4.2.1 Fortau o\_GV1 - o\_GV4 er offentleg fortau langs o\_KV01 og o\_KV02.
- 4.2.2 Fortau f\_GV5 er felles fortau langs f\_KV03.

## 4.3 Anna veggrunn – teknisk/grøntareal

- 4.3.1 AVT/AVG kan nyttast til vegutviding, grøftar, skråningar, skjeringar samt anlegg for overvasshandtering.

# 5 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFØREMÅL

## 5.1 Landbruksføremål

I område for LNFR kan vanlig drift og skjøtsel tillatast.

## 5.2 Friluftsområde

Friluftsområde skal vera ålement tilgjengeleg og kan nyttast til leik og fritidsaktivitet. Vegetasjon og landskap skal i størst mogeleg grad ivaretakast, men vanleg skjøtsel og tynning/hogst av større tre kan gjerast.

# 6 OMSYNSSONER

## 6.1 Frisiktssone, H140

Arealet vil i planen vera kombinert med andre føremål. Innan området skal eventuelle sikthinder ikkje vere høgare enn 0,5 m over vegplanet på tilstøytande veg. Enkeltståande trær, stolper og liknande kan stå i sikttrekanten, men krav til tryggleik-sikkerheitssoner i handbok 231 Rekkverk må vere tilfredsstilt. Areal som ligg høgare skal planerast ned til 0,5 m over veg.

## 6.2 Støysone

Innafor skravert område er det støysone og skal tas omsyn til støy frå Fv 404.

## 6.3 Faresone – høgspent, H370

Innanfor faresonenene for høgspent tillatast ikkje nokon form for bygningsmessig aktivitet før høgspentline er lagt i kabel/jord. Det er sikringssone med bredde på 30 meter under høgspentline i felt H370.